



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 60eadc76-3e43-4ec1-9086-92e2328c8c91

Vår: 22/7298 - 22/81869

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

27.10.2022

Uttale søknad om endring av gitte løyve- gbnr 445/488 Manger nedre

Tiltak: Planering av tomtar
Byggjestad: Gbnr: 445/488
Tiltakshavar: Langhøyane As
Ansvarleg søkjar: Florvaag Hus As


Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til planering av terreng på to tomtar, jf. vedtak datert 19.05.2022. Endringa gjeld heving av terrenget på to av tomtene på bustadfeltet, Gbnr 445/487 og Gbnr 445/488. (Tomt nr.11, og tomt nr. 12 på felt BF06).

Dei to tomtene er opphaveleg godkjent planert på regulert kotehøgde, + 12.0 moh. Tiltakshavar ynskjer å heve terrenget med 0,8 meter, til kote + 12,8 moh. Endringa er ynskjeleg for å sikre tilstrekkeleg fall til avløpsleidningar slik at ein unngår å måtte installere pumpe.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langhøyane – bustadområde plan ID nr 12602011000100 er definert som område for bustader.

Situasjonskart



Arealplankart



Dispensasjon Planeringshøgda som søkjast ligg 0,8 meter over godkjent høgde
Det søkjast om dispensasjon frå arealplanar.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om endring av terreng på Gbnr 445/487 og Gbnr 445/488.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no


Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søklar grunngir søknad med at ein slepp å montere pumpe på avløpsleidningane ved å heve planert terreng med 0,8 m. Dei meiner at planen ikkje vert tilsidesett ved ei slik dispensasjon.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til at det er regulert inn ei avkøyrsla frå o_KV12 (off. køyreveg) som tilkomstveg til Gbnr 455/487. Denne tomte kan berre ha via o_KV12.

Det er ikkje lagt ved dokumentasjon som viser kva innverknad heving av terreng på tomtane vil ha på avkøyrsla (sikt og stigningsforhold) og evt. siktsone til regulert vegkryss.



Ut i frå regulert koter på o_KV12 og ønskja planerings kote, ser vi at det på Gbnr 445/488 vil være ei høgdeforskjell mellom terreng og o_KV12 på mellom 1,37m og 1,5 m. Størst forskjell i høgde vil være i grense mot Gbnr 445/487, nær regulert avkøyrsla.

Der avkøyrsla til Gbnr 445/487 er vist i reguleringsplan, vil høgdeforskjell mellom planert nivå på 12,8 meter og o_KV12 (kote 11,21) være 1,59 m. Vi gjer merksam på at dersom det vert gitt dispensasjon, vil avkøyrslsveg ha behov for ei veglengde på 14,5 m for å komme opp i i denne høgda. Etter regulert høgdekote, vil krav til veglengde være ca. 8 meter.

Da tilkomst til Gbnr 445/487 er regulert inn over offentlig fortau (dvs. avkøyrsla skal etablerast med nedsenka fortauskant), er det særskilt viktig at ein sikrar at avkøyrsla stettar krav til sikt og geometrisk utforming (stigningsforhold).

Før byggesak gir dispensasjon, ber vi om at det vert sendt inn dokumentasjon (teikningar, kart med meir) som viser korleis dei har tenkt å ivareta tekniske krav til avkøyrsla frå offentlig veg. Vi ber om at dokumentasjon vert sendt til uttale til oss før det vert gjort vedtak.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG